

I kontrast til dei fem andre utstillarane, så dannar arbeida til **Grethe Britt Fredriksen** ingen serie, men kvart og eitt av arbeida hennar må sjåast på som sjølvstendige verk. Fredriksen sine relieff er bygde opp av både rektangulære og kvadratiske treplater i ulike format som er monterte lagvis på ein bakgrunn. I behandlinga av materialet ser vi ei forsiktig balansering mellom det stramme og det frie. Samstundes som platene i desse tredimensjonale collagane er røft monterte, er kvar av platene homogene og glatte i overflata. I desse relieffa er det fargane som har hovudrolla. Dei delikat behandla flatene dannar ein symfoni av velklingande fargetonar. Men som i Paradis, finn vi også her slangar; for i kvart av bilda er det ei og anna flate som utfordrar harmonien. Dette skaper spenning. I tillegg framhever og underbyggjer fargane på dynamisk vis den relieffverknaden som vert danna av høgdeforskjellen mellom platene. Denne kvaliteten lokkar oss til å granske verka frå ulike vinklar, og såleis gå i fysisk dialog med dei.